



|                                                |                                              |
|------------------------------------------------|----------------------------------------------|
| Type møte:<br><b>Etne kyrkjelege fellesråd</b> | Oppmøte:<br><b>Møterom Etne kyrkjekontor</b> |
| Dato:<br><b>Tirsdag 12.mars 2024 kl.18.00</b>  |                                              |

**Frammøtte:**

|                             |                              |
|-----------------------------|------------------------------|
| <b>Gerd Ingunn Opdal</b>    | <b>Leiar</b>                 |
| <b>Reidar Leknes</b>        | <b>nestleiar</b>             |
| <b>Ole Vidar Melkeraaen</b> | <b>repr. Skånevik</b>        |
| <b>Kjell Ingvald Matre</b>  | <b>repr. Etne</b>            |
| <b>Kenneth Karlsen</b>      | <b>Kommunalrepresentant</b>  |
| <b>Kari Vik Stuhau</b>      | <b>Geistleg representant</b> |

Opning Gerd Ingunn

**SAKER:****Sak 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak**

Innkallinga og saklista vert godkjend.

**Sak 8/24 Oppfølging av referat frå 23.jan. 24****Merknad:**

Det vart spørsmål om lagerplass for kyrkjegardsutstyr er avklart. Det er ikkje avklart enno.

**Sak 9/24 Rekneskap 2023**

Rekneskapen for 2023 er no avslutta, men ikkje ferdig revidert. Sum driftsutgifter og driftsinntekter var på høvesvis kr 4 975 660,25 og 5 407 337,26. Det gav brutto driftsresultat 431 677,01 mot -80 169,67 i 2022. Med netto finansutgifter -488 748,78 blei det eit netto driftsresultat på – 57 071,77 som må dekkast inn i følgande år. Det er også eit udekket beløp i investeringsrekneskapen på kr 78 022,29 som må dekkast inn i 2024.

Sjå vedlagt rekneskap frå kommunen, og rekneskapsoversikt frå kyrkjevevja

**Vedtak**

Årsrekneskapen for 2023 vart godkjent.



**Sak 10/24 Vedlikehald og investeringsplan 2025-2028 – innspel frå sokneråda**

I tenesteytingsavtalen mellom Etne kommune og Etne kyrkjelege fellelsråd står det: «...*Fellelsrådet skal også leggje fram ein vedlikehalds- og investeringsplan saman med budsjett/økonomiplan. Vedlikehalds- og investeringsplan må presenterast for kommunen innan 31. mai, og drøftast i eige møte mellom fellelsrådet og kommunen innan 30. juni. Denne dannar grunnlag for budsjettarbeidet komande haust...*»

Sidan vedlikehalds- og investeringsplanen skal vere klar innan 31.05, må vi no lage ein plan for dette arbeidet som også involverer dei to sokneråda.

Sjå vedlagt saksutgreiing.

**Vedtak**

Fellelsrådet ønskjer å involvere dei to sokneråda i arbeidet med vedlikehalds- og investeringsplan. I lys av dette ber fellelsrådet om innspel til denne planen frå sokneråda **innan 15.04.2024**.

Dette gjeld innspel som vedkjem nødvendige tiltak innan drift og investeringar dei næraste fire åra, og dei må vere prioriterte.

Det er også ynskjeleg at soknerådet peikar på kva som vil vera gevinsten av tiltaka/kva ein oppnår med dei.

**Sak 11/24 Straumforbruk i Stødle, Grindheim og Gjerde ved bruk vinterstid**

I samband med behandling av budsjett 2024 vedtok fellelsrådet 23.01.2024 i sak 3/24 m.a. følgjande: *Fellelsrådet ber kyrkjevevja leggje fram tal i kWh og beløp som viser straumforbruk ved bruk av dei tre gamle kyrkjene i Etne sokn til gravferd eller gudsteneste. Fellelsrådet ønskjer tal som viser straumforbruk pr tilskiping vinterstid og i sommarhalvåret.*

Sjå vedlagt saksutgreiing og straumoversikt

**Vedtak:**

Fellelsrådet ber Etne sokneråd om å ta denne saka opp til orientering og drøfting på soknemøte for å høyre kva medlemmene i soknet meiner.

**Sak 12/24 Revidering av utleigereglement, kyrkjene i Etne og Skånevik sokn inkludert utleigesatsar**

Utleigereglementet vart sist revidert i 2017. Etter det er det kome nytt regelverk for kyrkja. Satsane må også justerast.

Sjå vedlagt saksutgreiing og forslag revidert reglement.

Vedlagt er også eit eige dokument med utleigesatsar for Etne kyrkje.

**Vedtak**

Framlagt forslag vart vedteke med nokre endringar. Særskilde utleigesatsar som gjeld kyrkjetorget i Etne kyrkje vert lagt inn i utleigereglementet. Utleigereglementet skal sendast til Bjørgvin bispedømeråd for godkjenning.

**Sak 13/24 Justering av festeavgifter**

Festeavgiftene vart sist justert i 2017. Det er no aktuelt med ny justering.

Kyrkjeverja vurderer at gradering av festeavgift framleis er bra, men det kan vera same avgift frå 20-60 år, så kan avgifta auka når grava er over 60 år, og feste ikkje automatisk er godkjent.

Lengde på festeperiode er også ein ting fellesrådet må vedta. I dag er festeperioden 10 år. Forslaget at fellesrådet endrar det til 5 år.

**Vedtak**

Fellesrådet godkjenner endring i festeavgifter som følgjer:

| <b>Festeavgifter i Etne kommune</b>        | <b>Eksisterande avgift kr.</b> | <b>Forslag ny avgift kr.</b> |
|--------------------------------------------|--------------------------------|------------------------------|
| Reservering av festegrav i 20 år           | 2000                           | 3000                         |
| Festeavgift for reservert grav etter 20 år | 150                            | 250                          |
| Fornya feste av grav 20-40 år              | 150                            | 250                          |
| Fornya feste av grav 40-60 år              | 250                            | 250                          |
| Fornya feste av grav over 60 år            | 350                            | 350                          |

Festeperioden vert endra frå 10 til 5 år. Dei nye satsane gjeld frå 1. juli 2024.

Forslaget vert sendt til Etne kommune for endeleg godkjenning.

**Sak 14/24 Plan for arbeidet i fellesrådet**

Fellesrådet skal utarbeide ein plan for arbeidet dei for dei 4 komande åra. Sjå vedlegg.

**Drøfting**

I punktet om universell utforming i kyrkjene skal det tilføyast at dei gamle kyrkjene ikkje er særleg tilgjengelege for rullestolar, og det heller ikkje er lett å gjera noko med. Det er tilpassa for rullestol i Etne, Fjæra og delvis i Skånevik (ikkje toalett-tilgang med rullestol). Andre kriterier, som lyd- og lystilhøve er derimot viktig at er tilfredsstillande i alle kyrkjene.

**Vedtak**

Framlagt plan vert tatt til følgje.

**Sak 15/24 Tenesteytingsavtale vedtatt i kommunestyret**

Tenesteytingsavtalen vart vedteken på kommunestyremøte 20.febr. 2024. Fellesrådet må godkjenna endeleg avtale.

Sjå vedlagt avtale.

**Vedtak**

Tenesteytingsavtalen vart godkjent av Etne kyrkjelege fellesråd. Det skal fyllast inn dato for godkjenning og signerast av begge partar.



**Sak 16/24    Årsrapport**

Forslag til årsrapport ligg vedlagt.

**Vedtak**

Vedlagt årsrapport vart godkjent med nokre tilføyningar under punkta «økonomi» og «Utfordringar og utvikling». Sjå vedlagt årsrapport.

**Sak 17/24    Ny dato for felles møte med sokneråda i staden for 12.sept.**

Det er prostdag i Sveio 12.sept. Nytt forslag til dato vert lagt fram på møte.

**Vedtak**

Felles møte med sokneråda blir 10.sept. kl.18-21 på Skånevik fjordhotell.

**Sak 18/24    Orienteringssaker**

**a. Referat frå sokneråda**

- I.    Etne sokneråd 20.feb.
- II.   Skånevik sokneråd 25.jan

**b. Budsjett 2024**

Fellesrådet sitt budsjett for 2024 vart tatt opp i formannskapet til orientering 06.02.2024. Det vart ikkje gjort endringar samanlikna med budsjettforslaget frå fellesrådet og vert såleis lagt til grunn for inneverande år.

**Sak 19/24    Presisering av gåvereglement**

I gåvereglementet står det kor stor prosent av eit grunnbeløp som skal brukast som gåver til tilsette ved ulige høve.

Punkt 2 og 3 gjeld merksemd «ved avslutning i teneste», og «ved lang teneste».

**Vedtak**

Det vart godkjent at i punkt 2 og 3 skal det presiserast at beløpet for gáva skal vera i samsvar med stillingsstorleiken.

Kyrkjekontoret i Etne, den 12.03.2024

Gerd Ingunn Opdal  
Leiar

Aud Jorunn Baustad  
Kyrkjevevje